

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 19.04.2022
Vår ref.: 202205887-2 Oppgi ved førespurnad
Dykkar ref.: 21/2299 - 22/21448

Sakshandsamar: Toralf Otnes
22 95 95 27 [/toot@nve.no](mailto:toot@nve.no)

NVE si fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Meland - Utviding av kai og utsetting av flytebrygge - Gnr. 1 bnr. 126 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 16.03.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Meland for utviding av eksisterande kai/brygge og etablering av flytebrygge. Det blir søkt om dispensasjon frå byggegrense mot sjø og frå plankrav.

I oversendingsbrevet ber de om ei tilbakemelding på om det er naudsynt med utarbeiding av fagkyndig geologisk rapport knytt til eventuell marin leire, ettersom tiltaket ligg innanfor marin grense.

Etter det vi kan sjå av bilete og ortofoto består landsida av fjell. Det er såleis ikkje noko fare for områdekred av kvikkleire der skred kan breie seg innover land.

Vi er usikre på i kva grad søknaden inneber utfylling i sjøen. Kapittel 2.8 i [NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) omhandlar aktsemd i strandsona. Der står det mellom anna at det kan vere svært vanskeleg å sjå føre seg konsekvensane av lokal overbelastning i sjø. Det står vidare at det difor alltid må gjerast grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona.

NVE har diverre ikkje kapasitet til å gjere slike konkrete vurderingar av skredfare i strandsona i den enkelte byggesak, og det er heller ikkje vår oppgåve. Problemstillinga handlar meir om konstruksjonssikkerheit, jf. TEK17 kapittel 10, enn det handlar om tryggleik mot naturfare, jf. TEK17 kapittel 7. Den ansvarleg prosjekterande må dokumentere konstruksjonssikkerheit, og må sjølv avklare om det er trong for grunnundersøkingar for å dokumentere dette.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør



Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Alver kommune

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND